
Saksnr: 2020/51558-1
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss
Dato: 19.05.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Dekkeleggingsprogram 2020

Det vert kvart år utarbeidd eit dekkeprogram som omfattar dekkelegging for heile fylket. Dette ligg vedlagt til orientering.

Kriterium som ligg til grunn for utarbeiding av dekkeleggingsprogrammet:

- årsdøgntrafikk (ÅDT)
- målt spordjupne
- den generelle tilstanden på dekket.

Av erfaring veit vi at det er store kostnader knytt til å flytte rigg rundt i store geografiske område i fylket. Det har difor over tid vore arbeidd med å få lagt lengre samanhengande strekningar med dekke. Dette blir gjort for å få mest mogleg dekke for budsjettmidlane. Eit par gode eksempel på dette frå årets dekkeleggingsprogram er fv. 545 Sagvåg - Fitjar (6,3 km) og fv. 5744 Fossbakken - Navelsaker (9,8 km).

I 2020 vil vi likevel legge dekke på fleire kortare strekningar (18 strekningar på under ein kilometer). Dette gjer at kostnaden per meter aukar, og vi får lagt mindre dekke for dei tilgjengelege midlane. Ettersom etterslepet aukar, aukar behovet for små reparasjonar. Det gjer at strategien vår med å legge lengre strekningar for å få mest mogleg ut av løyvinga vert påverka av låge løyvingar.

Behov for midlar til dekkelegging


For å ivareta 5600 km med fylkesveg i Vestland fylke, er den faglege tilrådinga at vegdekke vert fornya med eit gjennomsnittleg intervall på 18 år. Dette er eit snitt basert på vegane me har med varierende trafikk. Basert på eit slikt utgangspunkt burde løyvinga til dekkelegging på fylkesvegnettet i Vestland vore på i storleiken 300 mill. kr per år. I tillegg kjem kostnader med forarbeid og oppmerking.

Tabellen under viser løyvinga til dekkelegging dei siste åra i mill.kr.

ÅR	Hordaland fylke	Sogn og Fjordane fylke	Til saman
2017	56 mill.kr	104 mill.kr	160 mill.kr
2018	74 mill.kr	107 mill.kr	181 mill.kr
2019	56 mill.kr	116 mill.kr	172 mill.kr
2020	Vestland fylke		62 mill.kr

Ser vi samla på dei 4 siste åra har løyvinga vore omtrent halvparten av behovet. Ved enkle vedlikeholdstiltak i forkant av dekkelegging vil intervallet på reasfaltering gå opp, og vi får høgare kvalitet på vegdekket gjennom levetida. Tiltak i forkant av asfaltering vil også betre køyreopplevinga.

Kart som viser kvar det vert lagt dekke i 2020



For meir detaljar sjå vedlagde dekkeleggingsprogram.